


## SAK 47/22 INTERKOMMUNAL KLIMAKOORDINATOR

### Saksopplysning:

Klima, miljø og berekraft er eit av satsingsområda i Strategisk plan Hallingdal som vart vedteke av Hallingtinget i juni 2021. Regionråd, Hallingting og kommunar har ved fleire høve fått informasjon om eit initiativ frå Sparebankstiftinga Hallingdal som gjennomført eit forstudie som tek sikte på å kartlegge behov og om det er engasjement og realisme for oppretting av eit berekraftssenter i Hallingdal der klimaarbeidet og kompetanse knytt til dette kan samlast og styrkast. No er forstudie ferdig og Sparebankstiftinga har, etter fleire møte med kommunar og næringsliv, konkludert med at dei ønskjer å invitere Regionrådet og fleire andre aktørar inn i eit forprosjekt.

### Målsetning:

Prosjektplanen er ikkje klar, men forstudiet skisserer at forprosjektet bør vurdere om regionen har behov for ein styrka og koordinert innsats for miljø, reduksjon av CO2 utslepp, korleis ein skal ivareta berekraftsmål frå FN, grønn næringsutvikling og sirkulærøkonomi. Forprosjektet vil også omhandle økonomi, organisering og arbeidsområde. Ein ser for seg samarbeid og konkrete stillingar på fleire av dei 8-10 områder som er skissert i kakediagrammet «Hallingdal Berekraftssenter».



### VURDERING:

Det er eit svært positivt initiativ som har kome frå Sparebankstiftelsen Hallingdal. Det å samle klimakompetansen i eit berekraftssenter vil kunne bidra til ei vesentleg styrking av klimasamarbeidet i dalen. Initiativet støttar opp under målsetningane både i strategisk plan, berekraftig reisemål, grønn vekst Hallingdal og Sats på Hallingdal. Om ein skal få denne modellen over i drift, trengs ein prosjektperiode for å kartlegge moglegheiter, realisme og korleis eit berekraftssenter i Hallingdal kan organiserast, finansierast og lokaliserast. Her bør både offentlege og private aktørar delta.

## Organisering

Forprosjektet blir organisert etter PLP. Mogeleg løysing kan sjå slik ut:

Prosjekteigar: Regionrådet og Sparebankstiftinga Hallingdal

SG: Representantar frå Regionråd, Sparebankstiftinga, SB1 Hallingdal og næringsliv

PA: Jan Olav Helling

PG: Regionråd, Berekraftig reisemål, SPH, Grøn vekst Hallingdal, Klimanettverket, Viken, Næringshagen

PL: Innleidd

## Økonomi og finansiering av forprosjektet

Sparebankstiftinga har ønske i bidra økonomisk både i forprosjektet og i ein driftsfase om ein skulle koma så langt. Forprosjektet er førebels sett opp med ei utgiftsside på kr 300 000 inkl. om lag 100 000 i eigeninnsats. Sparebankstiftinga Hallingdal kjem til å søke Sats på Hallingdal om inntil 100.000 kr til gjennomføring av forprosjektet og så dekker stiftinga kr. 100 000. Om SPH ikkje skulle gå inn med heile dette beløpet, kan Regionrådet bidra med noko.

## Kva kan ein oppnå?

Om ein lukkast med å innføre eit berekraftssenter, kan ein få ei vesentleg styring av klimasamarbeidet i Hallingdal. Me får fleire som jobbar mot same mål og mot det grønne skifte og som bidreg til å nå berekraftsmåla. I tillegg kan ein få reduserte utslepp og redusert energibruk og det vil vere bra for næringsliv og utvikling av «grøne arbeidsplassar.

Det vil med andre ord vera

## Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vedtek at det blir oppretta eit forprosjekt som skal avklare om det er realistisk å etablere Hallingdal berekraftssenter.
2. Regionrådet vil prioriter deltaking i eit forprosjekt og kan støtte prosjektet økonomisk med inntil 100 000 om det skulle bli naudsynt.

Hallingdal, 21. mai 2022

Jan Olav Helling

Dagleg leiar